



5. og 6. august 2022

NESETDAGANE

www.neset-telemark.no

PROGRAM 2022

FREDAG 5. AUGUST

19.00 INGEBJØRG BRATLAND m/band

LAURDAG 6. AUGUST

**15.30 Omvising i tunet – LOFTSGARDSTOGA OG
TORVETJØNNSTOGA og hytta SPEL på Totaktunet**

**17.00 ROMANTIKERTRIOEN
ARVE TELLEFSEN - fiolin
KNUT BUEN - hardingfele
KÅRE NORDSTOGA- tangenter**

**19.00 BJØRN TOMREN
Vinner av Stjerneekamp 2022!**

**Tradisjonsmat båe dagar frå Bodil Nordjore –
også kjend som “Turbobudeia” eller “Statsbudeia”**

Neset Telemark



BILLETTPRISAR 2022

Konsertbillett kr. 400

Dagbillett laurdag (heile dagen) kr. 700

Heile Neset-helga kr. 1000

Studentar ½ pris

Omvising : Kr. 50

BILLETTAR KJØPAST GJENNOM TICKETMASTER AS :

www.ticketmaster.no / 815 33133





HOVUDARTISTAR

INGEBJØRG BRATLAND er ei unik røyst i musikk-Noreg. Ho byrja med kveding som 5-åring, og byrja karriera si med folkemusikk. No set ho saman ulike musikkartar, frå visesong og folkemusikk til pop – frå elektronika til salmer - og formidlar på sitt eige vakre og særlege vis.

KNUT BUEN, ARVE TELLEFSEN og KÅRE NORDSTOGA vil framføre eit personleg samansett og variera program. Sogeforteljing, opplesing og slåttespel på hardingfele. Alle desse tre har rike røtar til folkeliv, historiske og nolevande kulturberarar. Det vil bli ulike slåttar å høyre, frie ytringar, glimt frå segn og soge, samt minner frå farne tider.

BJØRN TOMREN har i haust imponera heile Noreg som den mest særeigne artisten i «Stjernekamp» på NRK. Med sitt unike uttrykk og sin eineståande formidlingsevne har Bjørn på stutt tid forført det norske folk. Han har musikalsk rekkjevidde som spring frå «americana» og religiøse folketonar til jazz, viser, jodling, strupesang, dialekt-punk og «psykedelisk-protest» musikk.



Hjarteleg velkomen til Nesetdagane 5. - 6. august !

Neset Gard er ei samling gamle hus frå 1700-talet med 16 gamle hus totalt. Eit av husa er freda (Torvtjønnstoga fra 1715). Vi ynskjer å bruke denne unike staden til ulike kulturarrangement, der tradisjonar frå Telemark skal stå i sentrum, både når det gjeld musikk, mat og forteljartradisjon. Men også utanbygds artistar skal få sleppa til. Bodil Nordjøre byr på tradisjonsmat båe dagane. Målet er at også handverkstradisjonar skal presenteras. Det skal gjennomførast intimkonsertar i stogene gjennom året, men Nesetdagane i august er det årlege store evenementet som alt anna byggjer opp til.

Ein tur opp til Thytta kan anbefalas når du er på Neset.

I 2022 har vi valgt å vise frem artistar som INGEBJØRG BRATLAND m/band, ARVE TELLEFSEN, KNUT BUEN OG KÅRE NORDSTOGA og STJERNEKAMP VINNER BJØRN TOMREN. Forskjellige genre, men vi håper og tror at dette kan bidra til inspirasjon og glede.

Hytta Spel på Totaktunet blir presentera for interesserte og nyfikne, og det blir som vanlig omvising og historieforteljing i Torvtjønnstoga og Loftsgardstoga.

Neset er eit Telemarkstun med stor historisk verdi. Ein kulturarv som både blir gjort tilgjengeleg for publikum, og oppfordrar andre til å hjelpe til å ta vare på den rike tradisjon som Telemark har. Vi ynskjer å gjera folk i alle aldrar merksame på dei verdiane ein har i våre tradisjonar, men også oppmuntre folk til å vidareutvikle dei.

Rauland har i lang tid gjort seg kjend i ulike kultursamanhengar, både når det gjeld musikk- og matkultur gjennom Raulandsakademiet, Knut Skinnarlandmuseet og ikkje minst Dyre Vaa- samlingene.

Info & Kontakt

Liv Bente Tvenge, dagleg leiar:

tlf 908 70 700 / epost: bente.tvenge@gmail.com

Finn veibeskrivelse på www.neset-telemark.no

Billetter kan kjøpes på www.ticketmaster.no

Overnatting på Raulandsfjell – www.raulandsfjell.no

